
Fra: Oeivind Olsnes <olsnes-o@online.no>
Sendt: 13. september 2015 20:02
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Ordførar Lindås
Emne: Merknad vedkomande førehandsrøysting Lindås kommune
Vedlegg: image001.jpg

Valstyret i Lindås kommune

Den 11.09.15 førehandsrøysta underteikna ved kommune- og fylkestingsvalet på Lindås rådhus. Eg vil i den samanheng kome med følgjande merknad/klage.

Det var berre ein valmedarbeidar til stades ved røystinga.

For meg, som veljar, var det uråd å sjå at manntalet vart avkryssa når stemmesetlar vart lagt i urna.

Urne og «valstasjonen» var plassert slik at fleire veljarar stod i kø rett ved sida av ein. Dette gav ikkje ei god oppleving for veljar og ei heller fokus på valmedarbeidar si oppgåve. Då eg forlot lokale var eg derfor uviss på om ein var/vart avkryssa i manntalet.

I stemmeavlukke var ei av bunkene med røystesedlar for eit bestemt parti nesten tomt. Melde derfor frå til røystemottakaren at det måtte fyllast på. Då eg skulle røyste låg det fleire nedplukka stemmesedlar etter tidlegare røystegjevarar på bordplata noko som vart opplevd som uryddig.

Eg vil be om at mine merknader vert vurdert av valstyret ved evalueringa av førehandsrøystinga i kommunen.

Med venleg helsing

Øivind Olsnes

veljar

